

Soknerådsmøte i Moster sokneråd

tysdag 08.05.18 kl.19:00

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Inger Marie Gjerde, Per Harald Gjerde, Mona Ingvaldsen Hodne, Aksel Lygre. **1.vara:** Sigurd Totland, **2.vara:** Magnhild Nøstbakken.

Sak 42 – 2018 Godkjenning av innkalling og møtebøker av 10.04.18 og 24.04.18
Innkalling og møtebøker godkjend.

Sak 43 – 2018 Oppfylging av tidlegare saker.

- **Evaluering konfirmasjonsfest.**
Folk bør stå i døra og ønske velkommen til konfirmasjonsfesten, og det bør vere eit betre system på betalinga. Fleire frå soknerådet bør vere involvert. Det var problematisk med lyden på gudstenesta. Dette gjekk ut over totalopplevinga på sjølve gudstenesta. Fint dramastykke, og konfirmantane gjorde ein god jobb. Bra leiing og opplegg på konfirmasjonsfesten.
- **Evaluering og eventuell oppfylging av samrådsmøte 26.04. i Salem:** Korrigering av gudstenestelista: Den 09.09.18 vert gudstenesta flytta til Salem, og samkjørt med møtet der. Elles gode strategiske drøftingar med Salem. Positive til bibelgrupper/cellegrupper.
- **Utbetring av inngangsparti v. Landmark Maskin.** Har ikkje hatt møte med Landmark Maskin enno. Det vert eit snarleg møte. NB! No er også skiferheller i trappa lause. Dei må limast før konfirmasjonsgudstenesta laurdag den 12.05.18
- **Møte for drøfting og planlegging av kyrkjelydsarbeidet i Moster sokn.** Komitèen har jobba godt. Planlegginga er godt i gong. Viktig å invitere breitt, men direkte.
- **Framlegg til budsjettpostar Moster sokn i fellesrådet – inklusive orgel. Liste må sendast kyrkjevevje.** Viser til **sak 38.** Her må orgelet også inn, (Omlag 4. millionar kroner +) og generelt vedlikehald og måling av kyrkja. Kyrkja vart sist måla i 1995. Oppussing av dåpssakristiet må også inn. Mona sender liste til fellesrådet, og vert også vedlegg til referatet.

Sak 44 – 2018 Konfirmasjon

Organisering av parkering, gaver frå soknerådet, oppgåver i gudstenesta med meir. Gåvene er på plass. (Gripekross.) Kyrkjevertane deler ut gripekrossa etter kunngjeringane. Elles er kyrkjevertar og parkeringsvakter ordna. Berit skal pynte til konfirmasjonsgudstenestene.

Sak 45 – 2018 Evaluering og oppfølging av undervisingskveld om diakoni.

Konkrete tiltak? Rekruttere evt. medarbeidarar til «Kirkens SOS.»
Skal undervising om diakoni inngå fast i kveldssamlingar?
Det vert ein eigen kveld om «utanforskap» til hausten.

Sak 46 – 2018 Dagar for soknerådsmøte hausten 2018.

Møta vert sette til: 21.08; 18.09; 23.10; 20.11; 11.12.

Sak 47 – 2018 Planlegging av sommaravslutting for soknerådet 4/6.

Grilling i Onglavikjo. Rune er ansvarleg for grillmaten, hamburgerbrød og drikke m.m). Aksel lagar potetsalat(Evt Sigurd) og grønnsalat. Mona lagar ein brokkolisalat. Magnhild lagar kake. Backup-stad, om dårleg vèr: Kyrkja.

Sak 48 – 2018 Referat og meldingar

- Status godkjenning av preikestolsklede m.m. Purre vidare på bispekontoret.
- Ledige stillingar i Bømlo kyrkjelege fellesråd. Aksel informerte.
- Tilsetjingar i Bømlo kyrkjelege fellesråd. Aksel informerte.
- Bønesamlingar før gudstenester: Aksel vil ta kontakt med folk.
- Kveldssamlingar torsdagar hausten 2018. Tre samlingar er bestemt. Datoar vert bestemt seinare.
- Gudstenester Moster Amfi: 17.mai og 3.juni. Kyrkjetenarane tek ansvar for å få takkoffer i safe.(Aksel avtalar.) Aksel sjekkar med Elin når det gjeld kyrkjevertar den 3. juni.
- Opning av kystpilegrimsleia – markering 5.juni (Ca. frå kl. 10.00 og utover.)
- Medarbeiderfest 18/10 Elin kallar inn komitè og fordeler oppgåver.
- Referat frå orgelkomite: Har hatt eit møte. Referat er utsendt. Det skal opprettast eigen konto til innsamling av midlar til orgel.
- Andre meldingar frå leiar, sokneprest med fleire.

Sak 49 –2018 Rekneskap 1. kvartal, 2018

Eit lite underskot skuldast for seint krav frå konfirmantfesten i 2017
Vipps: Vedtak: Takkoffermottakar får bruttobeløpet ved bruk av Vipps.
Kvartalsrapporten vart elles teken til vitande.

Per Harald Gjerde
Skrivar